



Trond Olsen  
Mykingvegen 1613  
5957 MYKING

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 19/3257 - 19/37970

Saksbehandlar:  
Anne Lise Molvik  
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:  
17.12.2019

## Førebels svar med trong for tilleggsdokumentasjon - gbnr 41/8 Ringås

Tiltak: Garasje  
Byggjestad: Gbnr: 41/8  
Tiltakshavar: Trond Olsen

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad om løyve til å føra opp garasje på gbnr 41/8 den 02.12.2019.

### Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

- Fullmakt frå heimelshavar  
Søkjjar er ikkje heimelshavar. Det må dokumenterast at søkjjar har rett til å søkja, anten ved innsending av fullmakt eller at heimelshavar også signerer på søknadsskjema.
- Kart og teikningar  
Avstand til nabogrense må førast på situasjonsplanen. Høgdeplassering av tiltaket må gjevast opp ved påføring av kotehøgde på overkant golv garasje.
- Utnyttingsgrad  
Utnyttingsgrada for eigedomen, ved % BYA og samla bruksareal i kvadratmeter, må gjevast opp.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan **01.02.2020**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin



mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

**Sakshandsamingsfrist**

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

**Gebyr**

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Trond Olsen

Mykingvegen 1613 5957

MYKING

**Mottakarar:**

Trond Olsen

Mykingvegen 1613 5957

MYKING